



Sigerslaget trener på Heio tidlegare i vår

**Tysdag kveld sigra G 11/12 år 3-0 over Odda på bortebane. Det var den andre kampen for sesongen. Vi har dei siste åra måtta kjempa hardt for poenga mot Odda og gutanevar spente. Dei visste at dei måtte spela god fotball og trø til i duellane om dei skulle vinna.**

Kampen starta bra for dei og dei spela seg fram til fleire gode sjansar. Omtrent midtvegs i omgangen klarte vi å omsetja eit hjørnespark til mål og gjekk opp i leiinga. Odda kjempa og sleit for å komma inn att i kampen og begge lag hadde fleire sjansar før pause.

Etter ein pauseprat der vi vart einige om å trø litt ekstra til, fortsetja med å spela ballen langs bakken og avslutta når muligheten baud seg. gjekk gutane på banen. Det var kjekt å sjå at dei klarte å stå imot eit Oddalag som spela både god og tøff fotball. Og då vi etterkvart, på eit par av dei avtala avslutningane klarte å scora 2 mål til. var kampen i realiteten avgjort. 10 hardtkjempande og fintspelende gutar kunne feira ein etterlengta siger. Godt gjort, gutar!

Tekst: Odd Steinar Arnesen

Foto: Tor Edward Taranger

Nett: Ola Matti Mathisen